



Austrheim kommune  
Sætremarka 2  
5943 AUSTRHEIM

Referanser:

Dykkar:

Vår: 23/542 - 23/53237

Saksbehandlar:

Rolf Raknes

rolf.raknes@alver.kommune.no

Dato:

29.06.2023

## **Plansak - Kommunedelplan "Barnehage og skulebruksplan" - varsel om oppstart planarbeid og offentlig høyring og ettersyn planprogram**

Etter innstilling frå utval for oppvekst, kunnskap og kultur og formannskapet gjorde kommunestyret i Alver i møte 22/6-23 vedtak om oppstart av arbeid med kommunedelplan «Barnehage og skulebruksplan», og vedtok samstundes å leggje ut framlegg til planprogram på høyring og offentlig ettersyn, i samsvar med plan- og bygningsslova sine prosessreglar §§ 11 -12 og 11 -13.

### **Barnehage og skulebruksplan**

For å kunna gi elevane eit godt pedagogisk tilbod, må kommunane heile tida vurdere om barnehage og skulestrukturen er rett. Folketalet utviklar seg ulikt i dei ulike kretsane i kommunen. Det fører med seg at barnetalet blir redusert ved nokre skular og barnehagar, medan det aukar ved andre. Alver kommune opplever både geografiske og demografiske endringar, og treng difor å utarbeide ny plan for bruken av barnehagar og skular.

### **Kva er eit planprogram?**

For alle planarbeid som har vesentleg verknad for miljø og samfunn skal det utarbeidast planprogram før planarbeidet vert sett i gang. Planprogrammet er ei oversikt over gjennomføringa av planarbeidet «ein plan for planlegginga». Programmet visar korleis arbeidet med delplanen skal skje, kva tema ein ønskjer å fokusere på, korleis innbyggjarar skal medverke og gje råd og innspel til ønska utvikling. Innspela som kjem inn i samband med høyringa vert vurdert og eventuelle endringar vert gjort før endeleg politisk vedtak av planprogrammet.

### **Slik kjem du med innspel til planprogrammet:**

Planprogrammet ligg ute til høyring og offentlig ettersyn i perioden 30.6.2023 til 15.9.2023.

Du finn framlegg til planprogram vedlagt eller på heimesida [www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no), sjå menyen nedst på sida «Høyringar og kunngjeringar».

#### **Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 [www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

Kontonummer: 3207 29 30559

Organisasjonsnummer: 920 290 922

Her er også lenke til digital utgåve av framlegg til [planprogram i Framsikt](#).

Ynskjer du å gje innspel og merknad kan du innan 15.9.2023 nytte:

- Elektronisk [høyringskjema](#).
- Epost til [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)
- brev til Alver kommune, Pb. 4, 5906 Frekhaug

Med helsing  
Alver kommune Plan og analyse

Kristin Nåmdal  
avdelingsleiar

Rolf Raknes  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Framlegg\_Planprogram\_KDP\_barnehage\_skulebruksplan\_25052023

**Mottakarar:**

Askøy kommune	P.b. 323	5323	KLEPPESTØ
Austrheim kommune	Sætremarka 2	5943	AUSTRHEIM
Bergen kommune	Rådhusgt.10 P.b. 7700	5020	BERGEN
Bergen og omland friluftsråd	Hellebakken 45	5039	BERGEN
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	Masfjordnes
Nordhordland lensmannskontor	P.b. 85	6901	Florø
Statens Vegvesen Region Vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER
Statsforvaltaren i Vestland	Kaigaten 9	5020	BERGEN
Vest politidistrikt	Allehelgens gate 6	5016	BERGEN
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN